



Hordaland Fylkeskommune

Kulturavdelinga

Finnås 24.02.2016

SØKNAD OM STØTTE TIL TORA MOSTRASTONGPRISEN OG TORASEMINARET

Foreninga Styret for Tora Mostrastongprisen og Tora Mostrastongseminaret søker med dette Hordaland Fylkeskommune om sponsormidlar for 2016 og gjerne også for kommande år.

Tora Mostrastongprisen skal delast ut for åttande gong våren 2016. Prisvinnaren 2016 er forfattar **Maria Parr**. Overrekkinga av statuetten skal skje under Toraseminaret mai 2016.

I vedtekten våre står det mellom anna at prisen (statuetten) skal gå til ei kvinne som har utmerka seg med ueigennyttig innsats for menneske og samfunn, lokalt, nasjonalt eller internasjonalt.

§ 5: "Ved tildeling av den årlege Tora Mostrastong-prisen skal det leggast vekt på kriterier som samsvarar med dei verdiane som Tora Mostrastong sto for. Desse er mellom anna; mot, styrke, arbeid for menneskerettar, omsorg, kulturbering og samfunnsbygging."

Og vidare om Toraseminaret:

§ 7 "Føremålet med Toraseminaret er at seminaret skal bidra til å fremja kunnskap om m.a. ulike samfunnstilhøve som i tidlegare tider - og i vår tid - dannar premissane for ulike kvinneroller og for dei utfordringane som kvinner i ulike samfunnslag og livssituasjonar står over for."

Seminaret har til no sikta seg inn mot menneske i vårt nærmiljø, Bømlo kommune og nabokommunane. Likevel er vi overtydde om at bodskapen vår vil finna grobotn langt ut over det lokale dersom me maktar å marknadsföra oss rett og godt. Målsettinga er difor å nå lengre ut av di prisen og seminaret i si form og intensjon er både nasjonal og internasjonal. Skal vi makta å nå ei slik målsetting så treng me støtte og engasjement frå heile "Hordakåreætta".

Styret har lagt ned mykje arbeid kvart år for at seminaret kan nå opp til sine høge ideal. Likevel vert økonomien ei ekstra utfordring og me vonar at fylkeskommunen vil sjå med velvilje på søknaden vår.



Setrekammen frå Bømlo med urnordisk runeinnskrift: Hill deg Møy mellom Møyar. - Vern om deg Nana.



Tidlegare har desse sju vorte tildelt Tora Mostrastongprisen.:

2009 - Lagrettsdommar Hanne Sophie Greve – dommar ved menneskerettsdomstolen i Strasbourg.

2010 - Kronprinsesse Mette-Marit - for sitt uredde engasjement for svake grupper, m.a. Internasjonalt arbeid for HIV-Aids offer.

2011 - Professor Astrid Nøkleby Heiberg - president i det internasjonale Røde Kors og Røde Halvmåne-organisasjonen og tidlegare statsråd.

2012 – Operasjef Anne Randine Øverby – leiar for Opera Bergen og eldsjel for å byggja vår eigen regionalopera for Bergen og Hordaland.

2013- Sunniva Gylver – prest, forskar og forfattar, eldsjel for å oppnå toleranse og forståing mellom ulike folkeslag og religionar.

2014- Ingvill Konradsen Ceide – driv prosjekt Haiti, skule for no 300 barn og voksenopplæring for damer; kafedrift, systover, frisørarbeid

2015- Gerda Rongevær – for sitt arbeid med barneheimen TORO Babies Home - prosjekt i Uganda

Styret for Tora Mostrastongprisen er slik samansett:

Johannes Hjelland, – leiar

Haldri Karin Engenes, – sekretær

Helen Leversund, - kasserar

Frode Larsen – styremedlem

Roald Sangolt – styremedlem

Nils Bjørn Meling – varamedlem

Me er så fri å søkja om økonomisk støtte for 2016, og ønskjer samstundes at støtta skal halda fram i tre år framover, slik at me kan skapa handlingsrom til å utvikla ein sterkare organisasjon og ei tryggare plattform for å utvida arbeidet til nye grupper i Vestlands-regionen.



Setrekammen frå Bømlo med urnordisk runeinnskrift: Hill deg Møy mellom Møyar. - Vern om deg Nana.



TORA MOSTRASTONG

Dersom ein ynskjer ytterlegare opplysningar kan ein venda seg til leiar eller sekretær.

Med førebels takk og vyrdsam helsing

Haldri Karin Engenes
sekretær

Leiar

Johannes Hjelland
johannes.bernhard.hjelland@haugnett.no
Tlf. 047 977 90 505

Sekretær

Haldri Karin Engenes
kin47@hotmail.no
Tlf. 047 905 16 279



Setrekammen frå Bømlo med urnordisk runeinnskrift: Hill deg Møy mellom Møyar. - Vern om deg Nana.